

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Frode Hervik		14/1152

### Høyring - Regional plan for attraktive senter i Hordaland

#### Vedlegg:

2014-05-27- Regional plan for attraktive senter i Hordaland -HØYRINGSFORSLAG

#### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune gir følgjande uttale til Regional plan for attraktive senter i Hordaland.

#### Formannskapet - 152/14

#### FS - behandling:

Fellesframlegg: Austrheim kommune gir uttale til Regional plan for attraktive senter i Hordaland i samsvar med rådmannen si vurdering i saka.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

#### FS - vedtak:

Austrheim kommune gir uttale til Regional plan for attraktive senter i Hordaland i samsvar med rådmannen si vurdering i saka.

## **Kommunestyret - 102/14**

### **KS - behandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

### **KS - vedtak:**

Austrheim kommune gir følgjande uttale til Regional plan for attraktive senter i Hordaland.

### **Saksopplysninger:**

#### **Bakgrunn**

Regional plan for attraktive senter er forankra i Regional planstrategi for Hordaland 2010-2012. Planen erstattar gjeldande Fylkesdelplan for senterstruktur og lokalisering av service og handel frå 2002. Planen avløyser også aktuelle tema i Fylkesplan for Hordaland 2005-2008.

I høyringsdokumentet har Regional plan for attraktive senter eit hovudmål med fire underpunkt. Kwart av dei fire underpunkta er overordna mål for eit temakapittel.

#### **Hovudmål i høyringsdokumentet:**

***Hordaland skal ha attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Sentera skal tilretteleggje for vekst i heile fylket.***

- Sentera skal utformast slik at dei er attraktive å vere, bu og drive næring i.
- Sentera skal ha eit mangfald av tenester, arbeidsplassar, fritids- og kulturtilbod til-passa senteret sitt nivå i senterstrukturen.
- Sentera skal vere attraktive for handel med handelsverksemd dimensjonert etter nivå i senterstrukturen.
- Sentera skal vere tilrettelagt for effektiv og miljøvenleg transport i, til og frå sentrum.

#### **Strategiar i høyringsdokumentet:**

I høyringsdokumentet er følgjande strategiar prioritert:

##### **a. Styrka arealplanlegging i sentrumsområde**

Betre samspel mellom regional plan og kommunal plan i sentrumsområde er hovudstrategi. Gjennom arealpolitiske retningsliner og føresegner vil ein felles omforeint arealpolitikk for heile fylket leggjast

til grunn for kommunal arealplanlegging, både kommuneplan og reguleringsplan. For senterområde vil det vere avgjerande med oppdaterte områdeplanar. Tiltak i handlingsprogrammet kan styrke arbeidet med reguleringsplanar i sentrum.

#### **b. Betre samordning og felles retningslinjer for samfunnsplanlegging og offentleg forvaltning**

Samfunnet er i stor grad sektorisert og ressursbruken kan vere lite koordinert. Gjennom å styrke samordning av ulike ressursar inn mot senterutvikling vil ein både oppnå større effekt av ressursane, men også betre synergjar mellom ulike tiltak. Både samordning mellom privat og offentleg sektor og mellom ulike sektorar er relevant. Statlege organ som sjukehus og høgare utdanning kan sjåast i samanheng med fylkeskommunale tenester som vidaregåande skule og tannhelse, og på den måten byggje opp under kvarandre.

Verknaden av planen er avhengig av oppfølging i fleire sektororgan. Oppfølginga gjeld organisering og lokalisering, men også prioritering av ressursar og merksemd. Ulike sektororgan kan gjennom felles mål på tvers av sektorar skapa grunnlag for synergjar i senterutvikling.

#### **c. Auka kunnskap**

Utan kunnskap om status, organisering og beslutningsprosessar vil ein ikkje kunne påverke utviklinga i ønskja retning. Ein strategi er å samle kunnskap om viktige faktorar og korleis desse påverkar utviklinga. Like viktig er formidling av kunnskap og informasjonsutveksling.

#### **d. Økonomiske verkemiddel**

For å setje fart i utvikling av attraktive senter vil økonomiske verkemiddel vere aktuelle. Strategien skal medføre prioritering innanfor eksisterande midlar og større vekt på samfinansiering og spleiselag. Døme på økonomiske verkemiddel er regionale utviklingsmidlar til tettstadutvikling og midlar til utbygging av infrastruktur for kollektiv-transport.

### **Vurdering**

Austrheim kommune meiner høyringsdokumentet *Regional plan for attraktive senter i Hordaland* inneheld eit oppdatert kunnskapsgrunnlag når det gjeld tettstadutvikling. Høyringsdokumentet gir på bakgrunn av dette klare tilrådingar for kav som skal til for å skape attraktive senter. I så måte vil planen kunne vere retningsgivande for kommunane når dei skal utarbeide lokale planar. For Austrheim sin del er ein allereie godt i gang med å skape eit attraktivt sentrumsområde basert på tilsvarande mål og strategiar som høyringsdokumentet legg opp til.

Austrheim kommune registrerar at høyringsdokumentet legg opp til å vidareføre tilskot til by- og tettstadutvikling utan at det er nemnd at midlane skal spissast mot dei regionale sentra. Dette er positivt, og Austrheim kommune legg til grunn at dette også vert gjeldande i handsaminga av søknader om tilskot til by- og tettstadutvikling frå kommunane.

Austrheim kommune sende i 2013 inn søknad om tilskot til etablering av ein sentrumspark i Austrheim kommunesentrum, og fekk svar først i mai 2014. Undervegs fekk Austrheim kommune melding om at søknaden var problematisk på grunn av Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014, der det vart slått fast følgjande:

- *Utvikle attraktive regionale senter i distrikta, mellom anna ved sterkare konsentrasjon av næringsretta verkemiddel.*

- *Vidareutvikle det regionale verkemiddelapparatet (IN, FMLA, HFK) sitt partnerskap for lokalsamfunnsutvikling, LUK og LivOGLyst, slik at det blir auka fokus på dei regionale sentra.*

Til slutt vart Austrheim kommune sin søknad handsama etter retningslinjene frå 2013, då søknaden vart send inn, og fekk eit positivt svar. Austrheim kommune er likevel uroa over dei signala som vart gitt mellom linjene, nemleg at ein ikkje kan forvente at kommunesenter skal kunne få tilskot til by- og tettstadutvikling ved seinare høve, men at desse midla vert utelukkande retta inn mot regionale senter. Dersom ein slik praksis skjuler seg bak linjene i høyringsdokumentet, vil Austrheim kommune tilrå at ein endrar den strategien.

Det er viktig at kommunane framleis skal få tilgong til by- og tettstadutviklingsmidlar til kommunesenter. Dersom ein skal skape attraktive senter i kommunane ut frå intensjonane i høyringsdokumentet, er kommunane i stor grad avhengige av eksterne finansieringskjelder som fylkeskommunen og samarbeid med næringslivet. Til dømes kan dette gjelde parkar, miljøgater, gang- og sykkelveggar, gode parkeringsløyisingar, tilrettelegging for arbeidsplassintensive verksemder, som aukar tettstaden sin attraktivitet og gir ringverknader knytt til næringsutvikling, busetjing og fleire besøkande. Å ekskludere gode prosjekt i kommunane på grunn av manglande status som regionalt senter er ikkje formålstenleg, dersom målet er å skape attraktive senter i Hordaland. I prioriteringa av midlar til by- og tettstadsutvikling meiner Austrheim kommune at det primært er kvaliteten på prosjekt som skal avgjere utfallet i handsaminga. Sekundært bør det vere ei rimeleg fordeling mellom regionane i fylket. I denne samanheng må også kategoriseringa av senter i Hordaland sjåast.

Høyringsdokumentet legg opp til to nye regionale senter; Kleppestø på Askøy og Husnes i Kvinnherad. Ut frå innbyggjartal og geografiske tilhøve er det rimeleg at Kleppestø vert eit regionalt senter, medan argumenta bak Husnes ikkje ser ut til å vere like tungtvegande. Konsekvensen av dette vert at Sunnhordlandsregionen får to regionale senter, Vestregionen får to regionale senter og Hardanger har allereie to senter som den regionen med desidert lågast innbyggjartal, medan Nordhordland framleis berre har eitt i Knarvik.

På denne bakgrunn foreslår Austrheim kommune at Austrheim kommunesenter vert vurdert som eit framtidig regionalt senter, som eit knutepunkt i nordre del av Nordhordland. Austrheim kommune har ambisjonar for utvikling av Austrheim kommunesenter, og samarbeider tett med næringslivet for å lykkast med dette. Sjølv om Austrheim berre har om lag 3.000 innbyggjarar, er tettstaden også eit knutepunkt for Fedje, nordre del av Radøy, nordre del av Lindås, nordre del av Masfjorden og Gulen, samt til dels Solund. Masfjordbrua som kjem vil knytte også søre del av Masfjorden nærare Austrheim. Til saman omfattar dette omlandet meir enn 10.000 innbyggjarar. Til Austrheim kjem snøggbåtar frå nord og sør og det er to ferjestrekningar i kommunen, ein til Fedje og ein til Sogn-og Fjordane (Gulen). I Austrheim er det vidaregåande skule der ungdommar kjem frå eit stor omland, kjøpesenter med mange ulike butikkar og tenester og ein moderne idrettspark, slik det også er på Husnes. Austrheim kommune har også utvikla ei attraktiv båthamn i Mastrevik, som også har eit godt tilbod for bular og andre tilreisande.

Det er og viktig å framheva industriområdet på Mongstad med over 3000 arbeidsplassar som ligg i køyreavstand om lag 10 minutt frå kommunesenteret i Austrheim. Dei som arbeider der har trong for omfattande regionale tenestetilbod og næringslivet der bør no få eit regionalt senter i sitt nærområde. Næringslivet der treng god infrastruktur for kollektiv-transport, offentlege helsetilbod, sørvisnæringar, fritids- og kulturtilbod og ein god handelstad. Eit regionalt senter i Austrheim vil vera med å styrkja Mongstad-området som den viktige motoren for næringslivet staden er i Nordhordland.

Det er viktig at Hordaland Fylkeskommune ser over fylkesgrensa når ein vurderer trongen for eit regionalt senter i Austrheim kommune, midtpunktet i Fensfjordbassenget.